



Fjordfarm A/S  
v/Jacob Blom  
5337 Rong

**LØYVE TIL Å ETABLERE/ DRIVE ANLEGG FOR OPPDRETT AV MATFISK AV LAKS OG AURE PÅ SAMDRIFTSLOKALITETAR. FLYTTING AV KONSESJON FRÅ OSTERØY TIL LINDÅS KOMMUNE - REG. NR. H L 0019 (TIDL. H OR 0002) – FJORDFARM A/S – LOKALITETANE EIKEBÆRÅNÆ OG OSPENESET I LINDÅS KOMMUNE OG KJEPPEVIKHOLMEN I MELAND KOMMUNE.**

Vi syner til Dykkar søknad dagsett 18.06.2002 om løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitetane Eikebærånæ og Ospeneset i Lindås kommune, samt flytting av konsesjonen til Lindås kommune.

Sidan konsesjonen H OR 0002 vart reetablert i 1997 har den hatt mellombels løyve, og vore i drift på lokalitetar utafor Osterøy. I skriv av 12.12.2001 tok regionkontoret initiativ overfor konsesjonsinnehavar for å få ei permanent kommune tilknytning for konsesjonen. Det vart vurdert som vanskeleg for konsesjonen å finne tilstrekkeleg med lokalitetar i heimkommunen for drifta. Ei flytting av konsesjonen krev dispensasjon frå flytteforskrifta § 5. Lindås kommune har tilråd innflytting av konsesjonen, og Osterøy kommune har tidlegare kome med fråsegn.

Vi syner til at Fylkesmannen, miljøvernavdelinga den 04.06.2003 har mellombels har utvida utseppsløyve på lokalitetane Kjeppevikholmen i Meland kommune.

### Tilbaketrekking

Løyve til drift på lokaliteten Innegardsvika i Osterøy kommune vart gjeve 01.07.1997. Lokaliteten har etter det vi veit ikkje vore i bruk av Fjordfarm A/S. Løyve til drift på lokaliteten Innegardsvika vert trekkd attende, jamfør § 30, tredje ledd, i drifts- og sjukdomsforskrifta som stadfestar at "Tillatelse til å drive på lokalitet kan trekkes tilbake dersom graden av utnyttelse har vært mindre enn en tredjedel av det tillatte i tre år eller mer".

### Oppryddingsplikt

Vi viser til drifts- og sjukdomsforskrifta § 31 som stadfestar at konsesjonsinnehavar har plikt til å rydde opp etter seg ved flytting av anlegg, og at opprydding skal vere fullført innan 6 månader etter flytting/nedlegging. Fjordfarm A/S vert med dette gjeve ein frist på 6 månader til å rydde eventuelt gjenværande utstyr på lokaliteten Innegardsvika.

### Om flytting ,storleik og lokalisering

Fjordfarm A/S, organisasjonsnr. 877 347 672, vert med dette gjeve løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjøvatn med eit oppdrettsvolum på 12.000 m<sup>3</sup>. Konesjonen vert flytta til Lindås kommune. Konesjonen får nytt registreringsnummer H L 0019 i Fiskeridirektoratet sitt register, og ein ber Dykk nytte dette nummeret ved alle hendvingingar til fiskeristyresmaktene. Den gamle registreringa på H OR 0002 går ut.

Løyvet gjeld lokalitetane Eikebærånæ og Ospeneset i Lindås kommune og Kjeppvikholmen i Meland kommune i Hordaland, jfr. vedlagde (./.) kartskisse. Lokalitetane har UTM-koordinatar som vist nedanfor.

Plasseringa er klarert når det gjeld tilhøvet til lovgjevinga om forureining, hamner og fiskesjukdommar.

Fjordfarm A/S , H/l 0019, har løyve til å drive oppdrett på følgjande lokalitetar:

Namn på lokaliteten	Kommune	Volum	Volum Lokalitet	UTM koordinatar	Kartblad
13870 Eikebærånæ <sup>1</sup>	Lindås	12.000 m <sup>3</sup>	24.000 m <sup>3</sup>	LN 000 197	1116 II
19655 Ospeneset <sup>1</sup>	Lindås	12.000 m <sup>3</sup>	24.000 m <sup>3</sup>	KN 969 400	1116 II
10080 Laksevika <sup>2</sup>	Meland	12.000 m <sup>3</sup>	24.000 m <sup>3</sup>	KN 867 169	1116 II
11652 Kjeppvikholmen <sup>3</sup>	Meland	12.000 m <sup>3</sup>	24.000 m <sup>3</sup>	KN 829 187	1116 III
10309 Syrtangen <sup>4</sup>	Øygarden	12.000 m <sup>3</sup>	36.000 m <sup>3</sup>	KN 783 105	1116 III
11667 Gardskråneset <sup>5</sup>	Øygarden	12.000 m <sup>3</sup>	36.000 m <sup>3</sup>	KN 751 185	1116 III
14435 Ljøsøy N <sup>6</sup>	Øygarden	12.000 m <sup>3</sup>	36.000 m <sup>3</sup>	KN 742 214	1116 III

<sup>1</sup> Samdriftslokalitet, også godkjent for Fyllingsnes Fisk A/S, H/l- 0003  
<sup>2</sup> Samdriftslokalitet, også godkjent for Blom Fiskeoppdrett A/S, H/ml – 0001  
<sup>3</sup> Samdriftslokalitet, også godkjent for Blom Fiskeoppdrett A/S, H/ml – 0001 og H/ml-0010  
<sup>4</sup> Samdriftslokalitet, også godkjent for Blom Fiskeoppdrett A/S, H/øn – 0001, H/øn – 0004 og H/ml-0001  
<sup>5</sup> Samdriftslokalitet, også godkjent for Blom Fiskeoppdrett A/S, H/øn – 0001, H/øn – 0004 og Radøy Laks KS, H/r-0008  
<sup>6</sup> Samdriftslokalitet, også godkjent for Blom Fiskeoppdrett A/S, H/øn – 0001 og H/øn – 0004

Samla merdvolum i drift for H/ l 0019 på desse lokalitetane skal aldri overstige 12.000 m<sup>3</sup>. Det samla merdvolum i drift på samdriftslokalitetane må aldri overstige volumet lokaliteten er godkjent for.

### Tidsavgrensing

I vårt vedtak av 11.04.2003 vert Fjordfarm A/S gjeve løyve til drift på lokalitetar utafor heimkommunen fram til 31.12.2004. Denne tidsavgrensinga vert vidareført slik at verksemda skal få tid til å områ seg i samband med etablering på nye lokalitetar i ny kommune.

Løyve på lokaliteten Kjeppvikholmen er mellombels til 30.08.2004 på grunn av tidsavgrensing i utsleppsløyve etter forurensingslova.

### Særskilde tilhøve.

Skulle det bryta ut sjukdom i eit av selskapa på samdriftslokalitetane som fører til bandlegging etter fiskesjukdomslova, vil denne bandlegging også gjelda dei andre selskapa som driv på lokaliteten. Dersom det i framtida skulle oppstå problem mellom Fjordfarm A/S og dei konsesjonærane som selskapet har samdrift med, vil fiskeristyresmaktane kunne avgjera kven av partane som skal disponera samdriftslokalitetar.

Fiskeridirektoratet region Hordaland vil peike spesielt på dei ekstraordinære tilhøva som Bergen og Omland Havnevesen har gjeve om at anlegga må fortøyast forsvarleg og kunna tola sjøgang frå Sjøforsvarets hurtiggående båtar for lokalitetane i Meland kommune.

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Fiskeridirektoratets regionkontor i Hordaland med heimel i Lov av 14. juni 1985 nr 68 med seinare endringar, forskrifter av 26. september 1988 og etter fullmakt dagsett 29.oktober 1998 frå Fiskeridirektøren. Ein syner og til forskrift om etablering, drift og sjukdomsførebyggjande tiltak ved oppdrettsanlegg dagsett 18.12.98.

### Vilkår

#### 1. Generelt

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som er bemyndiga kontrollrett.

Anlegget skal etablerast i samsvar med skildring, teikningar og kartbilag i søknaden. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til søknaden, må det sendast ny søknad om dette til Fiskeridirektoratets regionkontor i Hordaland.

Regionkontoret skal ha melding når anlegget vert sett i drift på den nye lokaliteten. Kopi av meldinga skal sendast Lindås kommune og distriktsveterinæren i Nordhordland.

Løyvet fell bort dersom De ikkje har nytta det innan to år. Innan denne fristen må byggeteikningar og fotografi av anlegget sendast til Fiskeridirektoratets regionkontor Hordaland.

De pliktar å gje Fiskeridirektøren eller den han gjev fullmakt til opplysningar om anlegget og tilgang til inspeksjon av anlegget. Det same gjeld representantar for Kystverket, miljø- og veterinærstyresmaktene.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve.

Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Mistanke om rømming av fisk frå anlegget må så snart som mogeleg rapporterast til Fiskeridirektoratets regionkontor Hordaland . Det må vidare meldast frå om kva for tiltak som er og vil bli sett i verk for eigen gjenfangst av fisken. Konesjjonseigar må gjere sitt for at anlegget skal vere så rømingssikkert som mogeleg.

Eventuell søknad om løyve for felling av skadedyr må sendast Fylkesmannen. Når det gjeld sjøpattedyr kan ein ta kontakt med regionkontoret.

## 2. Eigartilhøve

Løyvet er gjeve til Fjordfarm A/S, Org. nr. 877 347 672. Alle endringar i eigartilhøvet ved anlegget skal meldast til Fiskeridirektøren. Fjordfarm A/S er registrert med følgjande eigarstruktur i Fiskeridirektoratet:

Org.nr./Pers.nr.	Namn	Komm.nr.	Andel %
977 358 906	BLOM FYLLINGSNES LINDÅS A/S	1259	100.00

Anlegget skal drivast som eit sjølvstendig anlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for at anlegget kan samarbeide med andre om fellesinnkjøp, sal o.l.

## 3. Fortøying og merking av anlegg

Anlegget må forankrast forsvarleg slik at det ikkje driv vekk og vert til hinder for den allmenne ferdsla.

Anlegget skal flomlysast eller påmonterast blinkande gule lys på dei hjørne som vender ut mot farvatnet. Flomlyset må innrettast slik at det ikkje verkar blendande på dei sjøfarande. Blinkande gule lys må ha blinkkarakter med intervall frå 3 til 5 sekund. Som dagmerker skal det nyttast gule blåser.

Om ein seinare finn det naudsynt, kan det bli kravd at anlegget heilt eller delvis skal fjernast.

Ved seinare flytting eller nedlegging av anlegget, er eigaren pliktig til å fjerne anleggsutstyr, alle fortøyingar og alt utstyr på sjøbotnen og syte for opprydding av avfall som kan verke skjemmande, vere til ulempe eller skade for miljøet.

Av omsyn til ajourhald av sjøkarta og kunngjering i "Etterretningar for sjøfarande" skal underretning sendast til Norges Sjøkartverk, Postboks 60, 4001 Stavanger, så snart anlegget er lagt ut, og då med utsnittskopi av sjøkart der anlegget er nøyaktig teikna inn. Kopi av meldinga skal sendast Kystverket 2. distrikt, Postboks 466, 5501 HAUGESUND.

#### 4. Drift av anlegget og tiltak mot forureining

Ved føring av fisken skal det systast for at minst mogleg fôr går til spille.

Forbruk av fôr og kjemikaliar skal journalførast saman med storleiken på fiskeproduksjonen.

For å hindre spreining av fiskesjukdommar og forureining skal alle anlegg disponere godkjend daudfiskkvern og ensileringsutstyr og ha avtale om transport til godkjend mottak. Fiskeridirektoratets regionkontor eller Fylkesmannen si miljøvernavingdeling kan gje råd om kjøp av utstyr m.m.

Oppdrettsverksemda skal i minst mogleg grad forureine miljøet, og det må ikkje dumpast fiskeavfall, daudfisk, oppsamla fôrspill, feitt, slam o.l. i sjøen eller i vassdraget. Daudfisk må i normale høve takast opp av merdane minst annan kvar dag.

Fôrlagring, tillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter og anna verksemd ved oppdrettsanlegget skal gå føre seg slik at det ikkje fører til vesentleg luktulemper for naboar m.fl.

Anlegget sin eigar kan av Fylkesmannen/Fiskeridirektoratets regionkontor verte pålagt å få utført og koste undersøkingar av forureinings- effekten. Vert det utført resipientgransking, skal eit eksemplar av granskingsrapporten sendast til Regionkontoret i Hordaland.

Dersom Fylkesmannen/Fiskeridirektoratets regionkontor finn det naudsynt, kan fleire tiltak krevjast gjennomført for å hindre eller redusere forureining frå oppdrettsanlegget og tilknytt verksemd. Eventuelt kan ein krevje reduksjon av anlegget sin storleik eller fjerning dersom tilhøva tilseier dette.

#### 5. Sjukdom

Løyvet vert gjeve på vilkår av at reglane i lov om tiltak mot sjukdommar hos akvatiske organismar av 13. juni 1997 nr. 54 vert fylgde, og at konsesjonseigaren sjølv må bere eventuelle tap som følgje av tiltak som vert sett i verk med heimel i sjuksdomslova.

Smolt som vert sett ut på lokaliteten skal ikkje flyttast før slakting utan godkjenning frå Fylkesveterinæren.

#### Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde (/.) orientering.

I medhald av tvistemålslova sin §437 vert det sett som vilkår for å gå til søksmål etter §435 i den same lova at ein har nytta høvet til å klaga.

Vedlegg:

1. Klageskjema
2. Oppdrettslov + Driftsforskrifter
3. Forskrifter om flytting og utviding av matfiskanlegg.
4. Særløyve frå Fylkesvet. for Hordaland, Sogn og Fjordane dagsett 29.09.1998, 14.01.2003 og 10.01.2003
5. Utsleppsløyve og fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland dagsett 04.06.2003, 29.04.2003 og 29.04.2003
6. Særløyve frå Bergen og Omland Havnevesen dagsett 31.08.1998, 05.02.2003 og 05.02.2003

Med helsing



Terje L. Magnussen  
Regiondirektør



John E. Bjelkerøy  
Seksjonsleiar

Kopi til: Fiskeridirektoratet - Havbruksavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvernavinga  
Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane  
Bergen og Omland Havnevesen  
Distriktveterinæren i Nordhordland  
Meland kommune  
Lindås kommune  
Osterøy kommune  
Kommandøren for Sjøstridskreftene i Sør-Norge

UTM  
969  
SÆBØ

TJORDFARM 115  
H/L-19  
10.06.2003



LINDÅS

HORDALAND FYLKE


DUESUND

MASFJORDEN



## PLASSERING AV OMSØKTE ANLEGG.

På lokaliteten vil det bli lagt ut eit stålanlegg i retning nordaust – sørvest beståande av 10 stk Rabben bur à 25x25 m som vil bli lagt ut parvis langs ei midtbrygge (figur 1.2). Heile anlegget vil bli liggjande vinkelrett frå land det anleggets kortende mot sørvest vil bli liggjande ca 90 m frå land.




Figur 1.2. Plassering av anlegget med fortøyningsplan ca 90 m nordaust for Ospeneset teikna etter økonomisk kartverk (M= 1:5 000). Kartreferanse, sjøkart: N 60°44,70' E 05°16,40'.

FJORDFARM A/S  
H/L-19  
10.06.2003  
EK  
FISKERIDIREKTORATET

4 x til ploganker + betonglodd


7 x til betonglodd med kjetting til bolt i fjell




7 x til betonglodd med kjetting til bolt i fjell

6 x til bolt i fjell

Anlegg - skisse ca 1:1000



Figur 1.3. Skisse av anlegget nordaust for Ospeneset.



FJORDFARM ALS  
 HIC-19  
 16.06.2003  
 EK




UTM 197


UTM  
 000

## PLASSERING AV OMSØKTE ANLEGG.


På lokaliteten vil det bli lagt ut eit stålanlegg i retning nord – sør bestående av 10 stk Rabben bur à 25x25 m som vil bli lagt ut parvis langs ei midtbrygge (figur 4.3). Heile anlegget vil bli liggjande vinkelrett frå land det anleggets kortende mot nord vil bli liggjande ca 90 m frå land.



Figur 4.3. Plassering av anlegget med fortøyningsplan ca 90 m frå land ved Mundal teikna etter økonomisk kartverk (M= 1:5 000). Kartreferanse, sjøkart: N 60°33,82' E 05°21,54'.



Figur 4.4. Skisse av anlegget ved Mundal.



EJORDFARM A/S  
HL-19  
10.06.2003

FJORDFARM A/S  
H OR 000  
04.04.2003


BLØM Fiskeoppdrett  
H/HL-10  
21.11.2000



UTM 187  
829

ASKØY

55' 76 77 78 79 80 5'00' 81 82 83 84 05' 85 86



Blom FISKERIPROJEKT ALS  
 21.11.2002  
 H/HL-10

FJORDFARM ALS  
 H/L-19  
 10.06.2003



FJORDFARM ALS  
 H OR 0002  
 09.04.2003



DLEFJORDEN